
Notat

Til: Formannskapet

Kopi:

Frå: Rådmann

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
	21/1547-1	5988/21	08.03.2021

Etablering av aktivitetstilbud for rus og psykisk helse

Sogndal kommune ser behov for å etablere eit lågterskel aktivitetstilbud til brukarar innan rus og psykisk helse (ROP). Dette er tenkt å gje brukarane ein meningsfull kvardag der ein kan ha eit sosialt fellesskap, samstundes som ein kan få individuell oppfølging. Tilbodet vil innehalde gruppeaktivitet og individuelle aktivitetar.

Bakgrunn for saka

Pr i dag manglar Sogndal kommune eit aktivitetstilbud og ein møteplass for brukarar innan rus og psykisk helse. Aktivitet er positivt både for den fysiske og psykiske helsa. Det å vere saman med andre og oppleve meistring, samt å vere inkludert i meningsfulle aktivitetar er viktig for god livskvalitet.

Opptappingsplanen for rusfeltet 2016-2020(Stortingsproposisjon 15 S (2015-2016)) har tre innsatsområder: tidlig innsats for å førebyggje rusavhengighet, behandling og oppfølgingsteneste etter behandling. Intensjonen er at ein skal bli flinkare til å oppdage og hjelpe tidleg. Det skal vere kortare ventetid og betre kvalitet i rusbehandlinga og vi skal sørge for god oppfølging etter behandling.

Viser til opptappingsplanen sine fem overordna mål:

- 1. Det skal sikres reell brukerinnyflytelse gjennom fritt behandlingsvalg, flere brukerstyrte løysningar og sterkere brukermedvirkning ved utforming av tenestetilbudet.*
- 2. Sikre at personer som står i fare for å utvikle et rusproblem skal fanges opp og hjelpes tidlig.*
- 3. Alle skal møte et tilgjengelig, variert og helhetlig tjenesteapparat.*
- 4. Alle skal ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.*
- 5. Det skal utvikles og i større grad tas i bruk alternative straffereaksjoner og straffegjennomføringsformer*

Oppbygging og gjennomføring

For å utvikle det nye tilbodet er det særskilt viktig at aktuelle brukarar av tilbodet får innflytelse i avgjerdsprosessar og vere med i utforming av tenestetilbudet. Det gjeld både innhald i tilbodet og moglegheit til å påverka utforming av lokalitetar. Ein vil difor legge til rette for brukarmedverknad på individ og systemnivå for å sikre mål 1 i opptappingsplanen.

Gjennom aktivitetstilbud vil vi jobbe for å nå dei overordna måla. Tidleg innsats, ei lett tilgjengeleg teneste og bidra til ein aktiv og meningsfull kvardag i fellesskap med andre.

Samstundes vil eit tverrfagleg samarbeid med andre tenester i kommunen som frisklivsentral, bustadkontor og NAV/Individuell jobbstøtte gje brukaren ei meir saumlaus teneste. Brukaren kan då få rettleiing og hjelp av fleire aktørar på aktivitetstilbodet/møteplassen.

Tilbodet og aktivitetskoordinator skal implementerast gradvis i økonomiplan og bli eit varig tilbod for innbyggjarane i Sogndal kommune. Sektoren vil ta kostanden over eige budsjett.

Finansiering

Sogndal kommune har motteke tilsegn på tilskot til kommunalt rusarbeid i 2021. Sogndal kommune får i 2021 eit tilskot på kroner 660 000. Det er mogleg å søke om tilskot også for åra 2022-2024.

Vedlegg:

1. Tildelingsbrev – tilskot – Sogndal – kommunal rusarbeid 2021